



Arkivsaknr: 2025/9550-1
Sakshandsamar: Leif Bjørnar Hopland
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular i Alver

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Utval for levekår	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om hovudmål for kommunale grunnskular i Alver vert vedteke.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet.

Saka skal til innstilling i utval for levekår.

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Den nye opplæringslova (lov 9. juni 2023 nr. 30) krev at det skal fastsetjast hovudmål ved kvar kommunale grunnskule, jf. [§ 15-2](#). Tidlegare var det unntak frå kunngjeringskravet i Norsk Lovtidend (Lovdata) for lokale forskrifter, men dette unntaket er no fjerna. Det inneber at kommunen må vedta og kunngjera ei lokal forskrift som formelt fastset målforma ved skulane.

Alver kommune vart etablert 1. januar 2020. Alle dei tre tidlegare kommunane hadde nynorsk som administrasjonsspråk, og det vart i intensjonsavtalen for samanslåinga slått fast at Alver skulle vera ein nynorskkommune. Dette vart stadfesta av fellesnemnda og seinare vedteke i den første samfunnsdelen til Alver kommune. Dette betydde og at nynorsk haldt fram med å vera hovudmålform ved skulane i Alver. Kommunestyret vedtok 19. juni 2025 og eigen språkbruksplan.

Framlegg til forskrift om hovudmål i den kommunale grunnskulen er ikkje sendt på høyring då forskrifta berre fastslår den alt etablerte praksis.

Partar

Elevar og tilsette i den kommunale grunnskulen i Alver.

Vurdering

Forslaget til forskrift byggjer på eksisterande praksis og vedtak i kommunen. Det er ikkje foreslått endringar i noverande praksis. Nynorsk skal halde fram med å vera hovudmål ved alle dei kommunale grunnskulane i kommunen. Ved å vedta forskrifta sikrar kommunen at målformbruken i skulen er i tråd med lovkrav og lokal språkpolitikk.

Forskrifta slår fast at nynorsk skal vera hovudmål ved alle kommunale grunnskular. Det inneber at skriftleg kommunikasjon frå skulane til elevar, føresette og andre skal vera på nynorsk.

Vedtak om forskrift om kva som skal vera hovudmålet ved grunnskulane i Alver får inga konsekvens for rettane elevane har til val av skriftspråk og retten til å bruka eit anna skriftspråk enn det som er vedtatt for skulen, jf. [opplæringslova § 3-1](#). Viser og til UDIR: [Opplæringsspråk og talemål i skolen](#) om språkrettane til den einskilde elev.

Deltakarar i opplæringa for vaksne (vaksenopplæringa) vel sjølve om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som hovudmål i det skriftlege arbeidet jamfør [opplæringslova § 19-3](#). Kommunestyret vedtok 19. juni 2025 språkbruksplan for Alver. Eit av tiltaka i planen er å opprette eit prosjekt som skal sjå nærare på bruken av nynorsk som opplæringsspråk i vaksenopplæringa. Eit resultat av dette prosjektet vil kunne medføre ei revidering av forskrifta om hovudmål på eit seinare tidspunkt. Prosjektet skal starte opp hausten 2025.

Økonomiske konsekvensar

Forskrift om hovudmål medfører ingen økonomiske endringar/konsekvensar.

Kommunedirektøren si tilråding

Framlegg til forskrift om hovudmål for dei kommunale grunnskulane i kommunen kjem som ein konsekvens av endra lovkrav, formkrav og kravet til offentleggjering. Ut over det vil ikkje forskrifta medføre endringar i det som er dagens praksis.

Kommunedirektøren foreslår at forskrift om hovudmål ved kommunale grunnskular vert vedteke.

Vedlegg

1 Framlegg til forskrift hovudmål for kommunale grunnskular i Alver